

Ein flik av himmelen (Pedacito de cielo)

(Homero Expósito gjendikta av Per Arne Glorvigen)

Huset hadde ei grind med gitter
malt med klage- og kjærleikssongar
Kvelden fylte gitteret, hekken
og den gamle balkongen med tårer..
Eg hugsar at du lo
når eg las det finaste diktet mitt for deg
Men no, utslitne av tida;
les vi desse linene og gret begge to...

Barndomsåra fordufta, fordufta
Hekken har sovna etter så mykje stillheit
Og i denne vesle flik av himmelen
vart gleda di og kjærleiken min att
Åra gjekk og gjekk,
fryktelege og ondskapsfulle
med eit håp om noko som aldri skulle koma
Men eg hugsar det skøyeraktige blikket ditt
Den gongen eg slumpa til å stjela det kysset du veit

Kanskje har det varme smilet og den klare stemma di
kjølna med vinden
Kanskje har gitteret, hekken og den gamle balkongen
forsvunne i posene under augene dine
Desse augene dine av brunsukker
Det fjerne blikket gyldna av sola
leitar fånyttas etter
grinda av bronse
som skjelv av kjærleik.

